



Arkiv: FE-141
JournalpostID: 23/7442
Saksbehandlar: Kristine Dahl
Dato: 23.02.2023

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
23/027	Stad formannskap	16.03.2023
23/027	Stad kommunestyre	23.03.2023
23/023	Utval for kultur, idrett, samfunn og næring	14.03.2023
23/041	Utval for areal og eigedom	14.03.2023

Vidareføring av utval i samband med strategisk plan for Nordfjordeid og orientering om arbeidet

Bakgrunn for saka:

Arbeidet med ein strategisk utviklingsplan for Nordfjordeid er i gang, i samsvar med Stad kommunestyre sine vedtak knytt til denne saka.

Arbeidet med Nordfjordeid sentrum femnar vidt, og det er ikkje føremålstenleg på noverande tidspunkt i prosessen å lage ei sak som femnar all aktivitet og alle problemstillingar rundt dette arbeidet. Arbeidet blir grundig dokumentert på kommunen si heimeside, og ein kan finne ønska informasjon der: <https://stad.kommune.no/politikk-og-organisasjon/politikk/planar-og-strategiar/tematiske-planar-kommunedelplan/planar-i-arbeid/strategisk-plan-for-nordfjordeid/>

I denne saka vil administrasjonen presentere det mellombelse næringsutvalet si tilråding til vidare arbeid med Nordfjordeid sentrum, som også inneheld ei tilråding om at arbeidet i utvalet held fram ei tid til.

Som ein del av saka vil administrasjonen gi ei løypemelding på aktuelle prosjekt som går, og prosjekt/tiltak som ein planlegg å starte opp.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

1. Stad kommunestyre vidarefører oppgåveutval «Næringslivets betydning for eit levande og berekraftig Nordfjordeid» med inntil 5 nye arbeidsmøte.
2. Vedlagt oppdatert mandat for oppgåveutvalet vert godkjent slik det ligg føre. Stad kommunestyre føreset med det at utvalet sitt arbeid skal knytast direkte mot kommunen sine planlagde analysearbeid og prosjekt som har betydning for ei strategisk samfunns- og næringsutvikling.
3. Administrasjonen sine opplysningar i saka vert elles teke til vitande.

Vedtak som innstilling fra Stad formannskap - 16.03.2023

1. Stad kommunestyre vidarefører oppgåveutval «Næringslivets betydning for eit levande og berekraftig Nordfjordeid» med inntil 5 nye arbeidsmøte.
2. Vedlagt oppdatert mandat for oppgåveutvalet vert godkjent slik det ligg føre. Stad kommunestyre føreset med det at utvalet sitt arbeid skal knytast direkte mot kommunen sine planlagde analysearbeid og prosjekt som har betydning for ei strategisk samfunns- og næringsutvikling.
3. Administrasjonen sine opplysningar i saka vert elles teke til vitande.

Vedlegg i saka:

07.03.2023 Oppdatert mandat mars 2023

1566649

Utval for kultur, idrett, samfunn og næring 14.03.2023:

Handsaming:

UKISN- 23/023 Vedtak:

1. Stad kommunestyre vidarefører oppgåveutval «Næringslivets betydning for eit levande og berekraftig Nordfjordeid» med inntil 5 nye arbeidsmøte.
2. Vedlagt oppdatert mandat for oppgåveutvalet vert godkjent slik det ligg føre. Stad kommunestyre føreset med det at utvalet sitt arbeid skal knytast direkte mot kommunen sine planlagde analysearbeid og prosjekt som har betydning for ei strategisk samfunns- og næringsutvikling.
3. Administrasjonen sine opplysningar i saka vert elles teke til vitande.

Utval for areal og eigedom 14.03.2023:

Handsaming:

Det vart røysta over kommunedirektøren sitt framlegg som vart samrøystes vedtatt.

UAE- 23/041 Vedtak:

1. Stad kommunestyre vidarefører oppgåveutval «Næringslivets betydning for eit levande og berekraftig Nordfjordeid» med inntil 5 nye arbeidsmøte.
2. Vedlagt oppdatert mandat for oppgåveutvalet vert godkjent slik det ligg føre. Stad kommunestyre føreset med det at utvalet sitt arbeid skal knytast direkte mot kommunen sine planlagde analysearbeid og prosjekt som har betydning for ei strategisk samfunns- og næringsutvikling.
3. Administrasjonen sine opplysningar i saka vert elles teke til vitande.

Stad formannskap 16.03.2023:

Handsaming:

F- 23/027 Vedtak:

1. Stad kommunestyre vidarefører oppgåveutval «Næringslivets betydning for eit levande og berekraftig Nordfjordeid» med inntil 5 nye arbeidsmøte.
2. Vedlagt oppdatert mandat for oppgåveutvalet vert godkjent slik det ligg føre. Stad kommunestyre føreset med det at utvalet sitt arbeid skal knytast direkte mot kommunen sine planlagde analysearbeid og prosjekt som har betydning for ei strategisk samfunns- og næringsutvikling.
3. Administrasjonen sine opplysningar i saka vert elles teke til vitande.

Stad kommunestyre 23.03.2023:

Handsaming:

KS- 23/027 Vedtak:

1. Stad kommunestyre vidarefører oppgåveutval «Næringslivets betydning for eit levande og berekraftig Nordfjordeid» med inntil 5 nye arbeidsmøte.
2. Vedlagt oppdatert mandat for oppgåveutvalet vert godkjent slik det ligg føre. Stad kommunestyre føreset med det at utvalet sitt arbeid skal knytast direkte mot kommunen sine planlagde analysearbeid og prosjekt som har betydning for ei strategisk samfunns- og næringsutvikling.
3. Administrasjonen sine opplysningar i saka vert elles teke til vitande.

Saksopplysningar:

Stad kommunestyre vedtok i møte 27. oktober 2023, sak KS-22/150, å setje ned eit næringsutval som ein del av arbeidet med ein strategisk utviklingsplan for Nordfjordeid. Formålet med utvalet var å styrke samarbeidet mellom lokalpolitikarane og næringslivet, og er med det ei nærdemokratisk ordning.

Eit oppgåveutval skal opprettast for å arbeide med ei konkret sak eller problemstilling, og vere i funksjon i ein avgrensa periode. Utvalet sitt arbeid er kopla mot strategisk samfunns- og næringsutvikling for Nordfjordeid, og har fått følgjande mandat:

«Levere eit diskusjonsnotat som summerer opp utvalet sine diskusjonar omkring temaet «Næringslivets betydning i eit levande og berekraftig Nordfjordeid».

Notatet skal gi innspel til det vidare politiske arbeidet med sentrums- og næringsutvikling, og skal gi ein peikepinn på kva tema som det er særleg viktig å få belyst, diskutert og tatt stilling til det vidare strategiske arbeidet og i ny arealplan.

Mandatet inneber at utvalet har ei utgreiingsoppgåve og at kommunestyret ikkje delegerer

avgjerslemynde.»

Utvalet skulle etter mandatet ha inntil 4 arbeidsmøte, og disse møta er no gjennomført. I siste arbeidsmøte for utvalet den 13. februar 2023, kom utvalet til følgjande konklusjon i sitt arbeid:

«1. Utvalet ønskjer å delta vidare i arbeidet med strategisk plan for Nordfjordeid sentrum

2. Utvalet ved administrasjonen utformar ei løypemelding til Stad kommunestyre, der utvalet sine tilrådingar fram til no blir summert opp og der utvalet ber om eit mandat for vidare arbeid

3. Utvalet ser det som kritisk at nødvendig førebuande arbeid for ny arealplan vert sett i verk, som mellom anna femnar om:

- Avdekke potensialet for fortetting og byggehøgder: Gjennomføre fortettingsanalyse/volumstudie
- Innsikt i trendar, avdekke framtidig arealbehov for ny næring og få kunnskap om kva næringer som treng «akutt førstehjelp»: Gjennomføre/oppdatere nærings- og handelsanalyse
- Gjennomføre ein forstudie for konsept for nytt næringsareal og peike ut aktuelle areal for ny næring
- Gjennomføre grunnundersøkingar i sjø m.m.
- Fjordfrontstudie – avdekke tolegrensa for utfylling for nytt nærings- og bustadareal, forbetre ålmenta si tilgjenge til fjorden og skissere ferdigstilling av Nordfjordeid sin fjordfront

4. Utvalet stør opp om følgjande utviklingsprosjekt:

- Etablere Campus Nordfjord
- Nordfjordeid som skule- og idrettsstad, avklare arealbruk også for fjordhest
- Realisere Statens hus
- Nordfjordeid som regional energihub (nasjonalt fjordvarmesenter, landstraum, nye energiberarar, ladepunkt m..)
- Utvikle samarbeidet med private aktørar
- Utvikle sentrums kvalitetane (badstu, gjestehamn, fjordsti, badebrygge m.m.)
- Følgje opp og utvikle Eidsgata spesielt
- Skape treffpunkt og uformelle møteplassar

5. Utvalet ønskjer at det blir lagt til rette for meir innsikt og samarbeid omkring arbeidet med Nordfjordeid sentrum. I første fase gjennom:

- Gjennomføre uformelt treff mellom unge vaksne av unge vaksne, inkl. aktuelle SOME-tiltak
- Gjennomføre frukostmøte og informere om arbeidet
- Gjennomføre ein næringskonferanse
- Vurdere moglegheitane for å inkludere barn og unge gjennom skulearbeid
- Arbeide med design og format ved ulike bruk av kommunikasjon til ulike målgrupper»

Vurdering:

1. Vidareføring av utvalet

Utvalet ønskjer å delta vidare i arbeidet med strategisk plan for Nordfjordeid sentrum. Det er Stad kommunestyre som har mynde til å gjere vedtak om ei slik vidareføring, og då gi eit eventuelt nytt og oppdatert mandat for utvalet sitt arbeid.

Om bakgrunnen for å setje ned ei utval med eit næringsperspektiv, står det m.a. følgjande i sak av 15. september 2023, sak KS-22/103.

«Oppgåveutvalet utgjer berre ein del av eit samla medverknadsopplegg for det strategiske planarbeidet for Nordfjordeid, der andre brukar- og interessegrupper blir involvert på anna måte. Administrasjonen vel i oppstarten av arbeidet å setje fokus på næringsutvikling, og med det også finne ein eigna arena for å starte ein koordinert og politisk styrt dialog med næringslivet. Dette blir no føreslege gjennomført via eit såkalla oppgåveutval».

Arbeidet i utvalet vart lagt opp ut i frå ovannemnde mandat, som legg opp til at utvalet skulle arbeide på eit overordna strategisk nivå og ikkje ta stilling til enkeltsaker eller tilrå løysingar for problemstillingar som t.d. parkering, byggjehøgde, sentrumssone og liknande. Tilrådingar knytt til sistnemnde problemstillingar føreset kunnskap basert på analysar og oppdatert kunnskapsgrunnlag. Desse analysane ligg per dags dato ikkje føre. Utvalet tilrår at slik kunnskap blir utarbeidd, og at utvalet får ta del i dette arbeidet og kome med tilrådingar også på eit konkret grunnlag.

Administrasjonen si vurdering gjennom dei fire arbeidsmøta, er at utvalet har fungert som ein arena for kunnskapsdeling og meningsutveksling på tvers av kompetanse- og interessefelt innan strategisk samfunns- og næringsutvikling. Arenaen har etter administrasjonen sitt syn fungert som drahjelp til å mobilisere intern og ekstern utviklingskraft, og for å arbeide fram eit felles moglegheits- og utfordringsbilete.

Å nytte eit mellombels utval i ein strategisk arbeidsprosess er naturleg nok meir ressurskrevjande enn ordinære planprosessar, men arbeidet med utvalet har funne si form og dei store vegvala for Nordfjordeid sentrum står att. Administrasjonen ser at det vil vere føremålstenleg nytte utvalet i det vidare planarbeidet, som eit diskusjonsforum for dei meir konkrete og krevjande problemstillingar som ein no må gå inn i. Endeleg avgjerslemynde vil likevel ligge til kommunestyret eller det utvalet som har delegert mynde i aktuelle saker.

Administrasjonen har arbeidd fram eit revidert mandat for utvalet. I vedlagt mandat vert det føreslege å vidareføre utvalet med inntil 5 arbeidsmøte. Tidspunkt og innhald for desse møta må koordinerast med dei pågåande og planlagde aktivitetane, slik som gjennomføring av fortettingsanalyse med volumstudie, forprosjekt for nytt næringsareal, utvikling av skule- og idrettsområde inkl. campus. For å nemne noko. I mandatet vert det presisert at utvalet kan delta inn i desse «diskusjonane», men utan at utvalet sit med mynde til å ta avgjersle verken i enkeltsaker eller på overordna nivå. Utvalets arbeid er knytt til det strategiske planarbeidet.

2. Utvalet sine tilrådingar - Førebuande arbeid for ny arealplan

Utvalet ser det som kritisk at nødvendig førebuande arbeid for ny eller nye arealplanar for

Nordfjordeid vert sett i verk. Som vist til ovanfor, tilrår utvalet at følgjande tiltak blir iverksett:

- Få gjennomført ei fortettingsanalyse/volumstudie
- Få gjennomført ei ny handels- og næringsanalyse
- Få utført nødvendige grunnundersøkingar i sjø
- Få avklart konsept for nytt sentrumsnært næringsareal
- Få gjennomført ein fjordfrontstudie

2.1. Fortettingsanalyse/volumstudie

For å sikre livsgrunnlaget og naturmangfaldet for framtidige generasjonar må samfunnet omstillast til eit lågutsleppsamfunn og tilpassast eit endra klima. Fortetting, transformasjon og gjenbruk av bygningsmasse er eit overordna mål i både statlege føringar og regionale planer. Ei kompakt tettstadsutvikling fremjar miljøvennleg transport og betrar folkehelsa. Samtidig reduserer ein behovet for å bygge ned natur, kulturlandskap og jord- og skogbruksområder

Å få gjennomført ei fortettings- og volumanalyse for delar av Nordfjordeid vil vere viktig av fleire årsaker. Analysen vil gi viktig kunnskap til nye regulerings- og utbyggingsplanar, og skal vere eit verktøy for kommunen til å gjere ei heilskapleg vurdering av den samla sentrumsutviklinga. I Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2019-2023, vert det lagt til grunn at moglegheitene for fortetting og transformasjon er vurdert før nytt areal blir tatt i bruk:

«Det er viktig at det i det enkelte tilfelle vurderes å legge til rette for fortetting og transformasjon før nye utbyggingsområder tas i bruk, slik at jordbruksareal og viktige natur- og friluftsområder ikke blir omdisponert når det finnes alternativer.»

Kommunen skal som planmynde og gjennom planlegging legge til rette for utvikling og samordna oppgåveløysing i kommunen, gjennom forvaltning av areal og naturressursane i kommunen. Analysen skal såleis tene som eit strategisk verktøy som sikrar at ein fortettar med kvalitet, og unngår å fortette område som av ulike omsyn ikkje skal fortettast. På denne måten sikrar ein også ein planstyrt og føreseieleg samfunnsutvikling både for innbyggjarar og næringsdrivande.

Det er fleire byar og større tettstadar som har fått utført denne typen analysar den siste tida. Dersom ein går inn på sida til Asplan Viak vil ein finne ulike døme på dette:

<https://storymaps.arcgis.com/collections/998bfeac536247319b0504591dfd5787>

Administrasjonen er i dialog med ulike kommunar som har fått gjennomført denne typen analysar, for å få innsikt i omfang, kostnadsoverslag og ulike tilnærmingar til eit slikt type arbeid.

2.2. Ny handels- og næringsanalyse

Arbeidet med nye samfunns- og arealplanar for Nordfjordeid føreset eit oppdatert kunnskapsgrunnlag på fleire område, også innan handel og næring. I tillegg til å få på plass oppdaterte tal innanfor næring- og handel, vil ein oppdatert analyse naturleg nok også ta for seg nokre av hovudtrendane i varehandelen dei siste åra og forventta utvikling framover. Globalisering og ny teknologi har påverka varehandelen dei siste åra, og ein ser ei bransjegliding som gjer at bransjedefinisjonane endrar seg. Dette utfordrar rammevilkåra i varehandelen, fordi utvalsvarer etter kvart vert seld i dei same forretningane som også sel plasskrevjande varer. Dette utfordrar også

reguleringsplanar, sentrumsavgrensing og lokalisering.

Administrasjonen er i dialog med aktuelle fagmiljø som kan levere ei føremålstenleg nærings- og handelsanalyse for Nordfjordeid.

2.3. Gjennomføre grunnundersøkingar i sjø m.m.

Grunnundersøkingar i sjø er ein føresetnad for å kunne arbeide vidare med ny overordna arealplan for Nordfjordeid, og er nødvendig for å avklare potensialet for vidare utfylling i fjorden og ferdigstilling av fjordfronten. Stad kommune har i desse dagar ute ein ny anbudsprosess for rammeavtale for kjøp av tenester for grunnundersøking. Det er normalt stor pågang på grunnundersøkingar, og det er ønskjeleg å få på plass finansiering for oppstart av både ein ny områdeplan for Nordfjordeid sentrum der grunnundersøkingar inngår. Dette blir lagt fram i ei eiga politisk sak.

2.4. Fjordfrontstudie

Eit naturleg tiltak etter grunnundersøkingane i fjorden, er gjennomføring av ein fjordfrontstudie. Denne studien bør gjennomførast med det føremål å avdekke tolegrensa for utfylling for nytt nærings- og bustadareal, forbetre ålmenta si tilgjenge til fjorden og skissere ferdigstilling av Nordfjordeid sin fjordfront.

2.5. Forstudie nytt næringsareal

Stad kommunestyre har bedt administrasjonen om å starte arbeidet med nytt sentrumsnært næringsareal.

Administrasjonen har ved bruk av Norconsult gjennomført ein såkalla Gis-analyse for ubygd og potensielt eigna areal inntil 5 km frå Nordfjordeid. I denne analysen har ein lagt vekt på å få avdekt potensialet for eit større næringsareal i nærleiken av eksisterande infrastruktur, men slik at lokaliseringa kjem i minst mogleg konflikt med omsynet til matjord, skred og flaum. Arealanalysen er ikkje ferdigstilt, og vil ikkje bli lagt fram før ein har avklart kva type næringsverksemd ein skal planlegge for og kva konkrete behov desse næringane vil ha. Arbeidet må sjåast i samanheng med planane for fortetting av sentrum, og mogleg endring av transportmønster som t.d. ny Lotetunnel.

Administrasjonen vil starte arbeidet med eit forprosjekt, som vil bli førebudd for politisk involvering og handsaming.

3. Oppfølging av utviklingsprosjekt

3.2. Nordfjordeid som skule- og idrettsstad, campus og arealbruk for fjordhest

Nordfjordeid som skulestad:

Nordfjordeid har ei lang historie som skulestad. Det sterkaste fortrinnet i dag er eit sterk og kompakt oppvekst- og skulemiljø med barnehagar, barne-, ungdoms-, kultur- og vidaregåande skule i tillegg til folkehøgskule, idretts-, og kulturinstitusjonar.

Ein velfungerande arbeidsmarknad føreset ei effektiv utnytting av arbeidskrafta, der ein og har tilbod om fagutdanningar som samsvarer med det behovet som næringslivet har for kompetanse og arbeidskraft. Dei vidaregåande skulane i Nordfjord er sentrale utdanningsarena, og alle dei vidaregåande skulande skal etter målsettinga kunne gi eit fagopplæringstilbod, også Eid vidaregåande skule.

Men, strukturane for den vidaregåande skulen i Vestland er under vurdering og blir sjølvstakt påverka av både søkjartalet til studietilboda og den demografiske utvikling. Eit studietilbod, som også inkluderer studiespesialisering blir viktig for elevane i Stad også framover.

Som ein del av opplæringstilbodet på Nordfjordeid, inngår også Sophus Lie konferansesenter for matematikk og tilgrensande fagområde. Dette senteret er etablert gjennom ei samarbeidsavtale mellom Eid kommune (no Stad kommune) og dei matematiske institutta ved NTNU i Trondheim og universiteta i Bergen, Oslo, Stavanger og Tromsø. Senteret skal på sommarstid vere ein møtestad for studentar, lærarar og forskarar, med ulike seminar, kurs og konferansar. Potensialet for å utvikle dette samarbeidet er stort.

Som ein del av det samanhengande skuleområdet, ligg også «LA-senteret» med dagtilbod for menneske som fell utanom ordinært arbeidsliv, opplæring- og integreringstenesta og attførings- og arbeidsmarknadsbedrifta Movia. I området finn ein også institusjonen Hogatunet bu- og rehabiliteringssenter og Norsk Fjordhestsenter, som også er skulearena for folkehøgskulen.

På Sørøyane er eit nytt sentrumsområde under regulering, med planlegging av Campus. Prosjektet er viktig, og heilt i tråd med m.a. Distriktsnæringsutvalet som i sin sin NOU 2020:12, Næringslivets betydning for levende og bærekraftige lokalsamfunn, anbefalar at det bør etablerast fleircampusmodellar for å møte arbeids- og næringslivets behov over heile landet, samtidig som det blir skapt relevante kunnskapsmiljø i kryssingspunktet mellom utdanning, forskning og næringsliv.

Selskapet Inviro, der Stad kommune er største eigar, ei drivande kraft for desentralisert og næringsretta utdanning, klyngeutvikling og oppbygging av ein ny lab. Inviro – Nordfjord virtuelle campus har base på Nordfjordeid og vart etablert i 2020. Stortinget løyvde då 2 mill. NOK til Inviro – Fjordane Virtuelle Campus i Revidert Statsbudsjett 2019, fordi Stortinget såg på satsinga som relevant på nasjonalt nivå i å utvikle nye modellar for å knyte utdanning, forskning og næringsliv tettare saman i distrikts-Noreg og gi fleire høve til å ta etter og vidareutdanning lokalt.

Kunnskapsdepartementet ga hausten 2019 tilsegn til Inviro som eit tilskot på 2 mill. NOK til næringsretta utdanning, som oppfølging av Stortinget sitt vedtak i RNB 2019.

I byrjinga av 2021 vart det frå kommunen si side teke initiativ til at aktørane i dette området skulle arbeide endå meir samordna, utnytte synergiane i å ligge tett på kvarandre og også posisjonere seg i høve desentralisert utdanning. Arbeidet stogga opp i samband med koronapandemien, men følgjande strateginotat ligg føre, og kan danne grunnlaget for vidare arbeid:

<https://innsyn.onacos.no/stad/wfdocument.ashx?journalpostid=2021008657&dokid=1412097&versi>

Idrett:

På heile Nordfjordeid vil ein finne anlegg for idrett inkl. hestesport, fysisk aktivitet og friluftsliv. Som ein del av arbeidet med ei heilskapleg anleggsutvikling på Nordfjordeid, vart det i 2022 gjennomført eit innsiktarbeid der små og store idretts- og aktivitetstilgjør bidrog inn i arbeidet. Rapporten synleggjer fire større og overordna spor, som aktørane ber Stad kommune ta del i:

- Eid fotball og Eid idrettslag sitt ynskje om å samle anlegg for fotball i nærleiken av skulane gjennom utvikling av mellom anna nytt klubbhus og fotballhall.
- Hestemiljøet sine felles og ulike ynskjer for utvikling
- Skytemiljøet sitt ynskje om innandørs skytebane i sentrum
- Andre idrettsaktørar med ulike behov, men ikkje eigne anleggsplanar.

Innsiktsdokumentet er tilgjengeleg her: <https://stad.kommune.no/f/p1/i96a6255d-f961-44e1-a78e-f910550b0b7b/innsiktsdokument-anleggsstrategi-idrett-nordfjordeid-sentrum-2022.pdf>

Idretten i Stad er ein stor brukar og samarbeidspart av dei kommunale idrettsanlegga langs Skulevegen. I tillegg ligg Eid idrettspark mellom Eid idrettshall og Eid ungdomsskule, med fleire idrettslag og Stad kommune som eigarar.

Etter fleire tidlegare forsøk, har Eid IL, Stad idrettsråd og Stad kommune no starta på eit arbeid med å greie ut moglegheitene for å samlokalisere Eid IL, inkludert Eid IL fotball, i endå større grad skule- og idrettsområdet. Som ein del av dette arbeidet inngår å greie ut potensialet for endå meir sambruk av eksisterande skule- og idrettsbygg.

Eid IL er tydelege på at idrettslaget ønskjer å flytte frå Eid stadion dersom det er mogleg å samlokalisere seg i skule- og idrettsområdet. Som ein del av dette, inneber det etablering av ei ny speleflate. Spørsmålet er om ein kan finne eit eigna areal til ei slik speleflate samstundes som ein tek i vare grunnskulen sine interesser og behov. Det er sett ned ei arbeidsgruppe som arbeider med denne tematikken. Gruppa sitt arbeid kan ein følge her:

<https://stad.kommune.no/politikk-og-organisasjon/politikk/planar-og-strategiar/tematiske-planar-kommunedelplan/planar-i-arbeid/strategisk-plan-for-nordfjordeid/skule-og-idrettsomrade/>

Fjordhest:

Vestland fylkeskommune, Noregs Fjordhestlag og Stad kommune likeverdige aksjonærar og eigarar av Norsk Fjordhestsenter på Nordfjordeid.

Fjordhesten er ein av dei eldste og reinaste rasane i verda, og vert rekna som Noreg sin nasjonalhest. Fjordhesten bar namnet vestlandshest i mange år. Fjordhestsenteret på Nordfjordeid har ei rolle som eit nasjonalt kompetansesenter for fjordhest, med informasjons- og rådgivingsansvar for alle forhold rundt denne heilnorske hesten. Ei av hovudoppgåvene er å fremje avl og bruk av fjordhesten.

Fjordhestsenteret har ein sterk posisjon både i inn- og utland, med Fjord Horse International som eit fast samarbeidsorgan internasjonalt. Noreg har gjennom ratifiseringa av Riokonvensjonen om bevaring av biologisk mangfald også forplikta seg til å bevare dei norske nasjonale hesterasane.

Norsk fjordhestsenter ligg sentralt plassert på Nordfjordeid. Senteret har utvikla fasilitetane «jamt og trutt» sidan etableringsdatoen, og har i dag stor aktivitet med mange samarbeidspartnarar. Senteret har i dag likevel ein bygningsmasse med eit stort vedlikehaldsbehov, men med eit stort potensiale i å tenkje nytt og satse på t.d. nye og berekraftige energiformer. Det er også eit behov for å sjå nærare på både framtidig driftskonsept for senteret, for å sikre at fjordhestsenteret også i framtida kan ta i vare sin unike posisjon på Vestlandet, i Noreg og i verda.

Med arealknappheit på Nordfjordeid, ønskjer fjordhestsenteret å sikre seg ubyggd areal rundt senteret. Ved ei arealutviding, ligg det også til rette for å samlokalisere ein endå større del av fjordhestmiljøet.

Utviklings- og vedlikehaldsarbeidet som fjordhestsenteret og styret skal i gang med er både viktig og omfattande. Styret har varsla om at dette arbeidet vil kome til å involvere alle eigarane på fleire måtar, der nokre av sakene hastar meir enn andre.

På bakgrunn av ovannemnde tilbakemeldingar og kartleggingar i samband med anleggsstrategien, her Stad kommune gjennomført to arbeidsmøte mellom Norsk Fjordhestsenter og Nordfjord fjordhestlag. Fleire møte, med fleire aktørar frå hestemiljøet er planlagt.

Stad kommune har nyleg også gjennomført møte med både Vestland fylkeskommune ved avdelingsdirektør Per Morten Ekerhovd og Noregs Fjordhestlag ved styreleiar Hege Sæther Moen, der behovet for å få gjennomført eit eigarmøte har blitt diskutert.

3.2. Statens hus

Pilot Statens hus-prosjektet er viktig for Nordfjordeid. Piloten har vore ein katalysator for samlokalisering av Politiet, Nav og Skatteetaten. Stad kommune deltek inn som leigetakar av ein «Distriktshub», som vil tilby både fleksible og faste kontorplassar for fortrinnsvis statlege og regionalt tilsette arbeidstakarar. Fristen for anbudsprosessen for leige av nytt felles bygg er no ute, og ein går inn i ein dialog og forhandlingsfase, før val av tilbydar.

3.3. Nordfjordeid som regional energihub

Nordfjord er eit regionalt knutepunkt, med både E39 og Rv 15 som store trafikkåre. Transportmønsteret er i endring fordi handlemønsteret endrar seg, og fordi den grønne omstillinga m.a. treff næringstransporten for fullt. Dette inneber m.a. halvering av klimagassutsleppa innan 2023. Utrulling av lav- og nullutsleppsteknologi på lette- og tunge køyretøy og maskiner. Auka bruk av elektrisitet, biodrivstoff og hydrogen som energibærarar. Og auka behov for tilgjenge på lade- og fyllinfrastruktur for næringstransport. Utrullingsplanen for offentleg tilgjengelege ladestasjonar for tunge køyretøy langs riksvegnettet skal m.a. ferdigstillast innan 1. juli 2023.

Rapporten Grøn region Fjordane peikar på Nordfjordeid som ein potensiell energihub. Som ein del av eit slikt konsept kan t.d. inngå:

- Regional energistasjon for næringskøyretøy
- Etablering av landstraum for Seawalk Nordfjord gjennom Plug og Eviny, som igjen opnar for straum- og ladekapasitet for buss og andre køyretøy
- Fjordvarmesystemet kan nyttast i endå større grad, og Nordfjordeid kan ta ein posisjon

som nasjonalt senter for fjordvarme

Utover dette kan ein nemne Moderne varme AS som er lokalisert på Nordfjordeid, som leverer varme- og kjøleløyisingar til proffmarknaden. Vi har også elektro- og automasjonsbransjen på Nordfjordeid utviklar allereie i dag smarte løyisingar for optimalisering av ulike prosessar. For å nemne noko.

3.4. Følgje opp og utvikle Eidsgata

Etter vikingtida har Nordfjordeid spela ei viktig rolle i regionen som kyrkjestad, handels- og gjestgjevarplass, eksersisplass og embetsmannsstad. Framveksten av tettstaden som vi ser den i dag, starta med Tverrgata og Eidsgata frå midten av 1800-talet til utpå 1900-talet. Tre område på Nordfjordeid vart i 2014 tekne med i Riksantikvaren sitt NB!-register over nasjonalt verneverdige by- og tettstadmiljø. Dette var Myklebustgarden med gravhaugar frå vikingtida, trehusmiljøet i Eidsgata og Tverrgata frå nyare tid og eksersisplassen, som var landets første militære øvingsplass etablert ved garden Osnes i 1649.

Eidsgata og Tverrgata er detaljregulert, men planane er over 10 år gamle. I samband med fortettingsanalysar kan det bli avdekt eit behov for ny gjennomgang av reguleringsplanane. I desember 2020 vart rapporten «Med hjarte for Eidsgata» også ferdigstilt. Rapporten er forma som ein moglegheitsstudie, og er meint å vere til inspirasjon for vidare utvikling. Og då ikkje berre utvikling av bygningane, men utviklinga av Eidsgata som ei gate for handel og oppleving. Rapporten tek også føre seg moglege samarbeids- og eigarskapsformer.

Rapporten finn ein her:

<https://innsyn.onacos.no/stad/wfdocument.ashx?journalpostid=2021008657&dokid=1411944&version=1&variant=A&>

Vedlegg:

Oppdatert
mandat mars
2023